

# PRESSEMELDING OM KORONASITUASJONEN

Volda kommune 08.05.20



Volda  
kommune

## PRESSEMELDING 08.05.20

**Smittestatus i Volda.** Til no er det testa 385 personar i Volda kommune, vi har ikkje fått tilbake fleire positive prøvesvar sidan 26. mars.

**Ny plassering av teststasjonen.** Prøveteltet vert flytta til Hamna 20, på den bakerste parkeringsplassen. Det vil vere godt skilta. Dette vert den nye staden for dei som skal ta test for koronavirus frå og med måndag 11. mai.

Kommunen har opna for å teste alle med symptom på forkjøling og luftvegsinfeksjon. Kontakt Volda legesenter for å gjere avtale om testing. Tlf: 70 05 89 00.

**Skulane gjenopnar.** Alle elevane skal tilbake på skulen innan 15. mai. Måndag 11.mai opnar skulen for dei første elevane. Det er sendt ut eiga pressemelding om opning av skulane og informasjonen finn du på heimesida til kommunen. Den einskilde elev og føresette vil få melding frå sin skule.

**Skuleskyss** vil kunne bli ei utfordring når avstandskrav og smittevernet skal takast i vare på bussen. Det vert difor igjen oppmoda om at foreldre som har høve til det skyssar eigne barn til og frå skulen.

**Biblioteket** i Volda sentrum opnar måndag 11. mai og onsdag 13. mai opnar biblioteket i Hornindal. Det vil vere ein del restriksjonar. Opningstida finn du på heimesida til Volda kommune

**Kinoen førebur opning.** Volda filmteater gjer klart til opning. Nokre praktiske detaljar må på plass før opning kan skje.

**Idrettshallar er delvis opna.** Kommunale idrettshallar er delvis opna. Toalett og garderobar er framleis stengt. Kwart idrettslag som vil nytte hallane må ha ein kontaktperson som ser til at smitteverntiltaka vert fylgt.

**Heimetenestene** Heimetenestene har stort fokus på basale smittevernrutinar. Vi følger dei nasjonale råda for smitteforebygging og dei tilsette har fått god opplæring. Vi er også nøye med at tilsette med luftvegssymptom ikkje skal kome på jobb. Dersom personalet skal inn i ein heim der nokon har luftvegssymptom skal dei nytte beskyttelsesutstyr. Difor er det viktig at dei får informasjon dersom du eller nokon andre i heimen har fått feber, sår hals eller .Vi ber om at du tek kontakt med heimetenestene per telefon og opplyser om dette, slik at dei kan vere førebudd og ta på seg beskyttelsesutstyr i tide.

**Besøk på institusjonar.** Hornindal omsorgssenter og Volda omsorgssenter er klar til å ta imot besøk frå måndag 11. mai. Besøka vert organisert på uteområde. Dei som vil på besøk må ta kontakt med avdelinga for å gjere avtale. Sjå meir informasjon og retningslinjer for besøk på kommune sine heimesider.

**Nye reglar for grupper og samlingar.** Det er no lov å samlast i grupper på 20 personar. For offentlege samlingar er det lov med 50 personar. Både for desse samlingane og elles i samfunnet gjeld regelen med avstand på minst 1 meter. Er du sjuk skal du holde deg heime.

**Hald ut og følg råda.** Dette er særleg viktig no når ein opnar opp att samfunnet at alle fyl dei smittevernråda som gjeld. Den einskilde sin innsats er avgjerande for at vi kan unngå lokal krisetilstand.

## **Ikkje ver redd for å ta kontakt!**

**Hjelp til å gjere innkjøp.** Personar med luftvegssymptom skal ikkje gå i butikken eller på apoteket. Du kan kontakte frivilligsentralane for å få hjelp. Frivilligsentralen i Volda: 917 25 639 Hornindal Frivilligsentral: 415 12 813

**Hjelpetelefon for psykisk helse eller rus.** Har du tankar eller uro i forhold til di psykiske helse eller rus? Ring oss om du har behov for å prate! Rus og psykisk helseteneste, telefon: 915 98 370. Telefontid: kvardagar kl. 10.00–14.00.

**Samtaletilbod.** Volda kyrkje har samtaletilbod, tlf 70 07 40 90, kvardagar.

**Ynskjer du telefonven?** Volda Røde kors har lang erfaring med besøksven, og tilbyr no telefonvener. Lokal kontaktperson er Sigrid Bjerkvik. Tlf.476 37 455.

**Treng du ein turven?** Å spasere seg ein tur er bra både for kropp og sinn, og har ein nokon å dele turen med kan det også verte ein god prat. Med rett avstand til turvenen er det trygt for smitte. Ynskjer du nokon å gå tur i lag med? Kontakt Frivilligsentralen på tlf, 917 25 639, vi har kontakt med frivillige som vil vere turvener.